



Han fortener ein bloma i dag!

På dei siste 2 åra har medlemstalet i Kvinnherad Mållag auka frå 28 til 55 og det kjem til å auka vidare til meir enn 100 i den næraste framtid på grunn av uroa rundt nynorsken. Det trur Kristian Bringedal, som har leia laget i rundt 20 år,

Laget omfattar opphavelig området frå Herøysund og innover men medlemmene kjem no frå heile kommunen. Uskedalen burde vore betre representert, her er det berre 5 medlemmer.

Det skjer no ein mobilisering for nynorsken som kjem til uttrykk på ymse måtar. Aviser som tidlegare ikkje har vore særleg ivrige etter å forsvara han går nok meir aktivt ut og gjer det.

Det blir meldt om gode ververesultat, Til dømes har SV-politikaren Oddny Miljeteig i Bergen verva over 200, også fleire frå Kvinnherad.

Men hvis ein ikkje seier noko om kva lokalt mållag ein vil vera i, avgjer Noregs Mållag dette ved å bruka adresse og postnummer.

Bringedal held fram:

- Det er to faktorar som har utløyst medlemsauken. Den eine er verving, mellom anna gjennom Vestlandsrevyen. Den andre er uroa og freistnaden på å tone ned sidemålet i skulen ved at det ikkje lenger skal vera eigen karakter i sidemål.

Her har SV-leiaren vore uheldig og gjennom sin kommentar ramma ein institusjon som har hatt sin viktige posisjon i landet i 100 år og som er ein viktig del av kulturarven vår.

Men no rykker folket ut og tek til motmæle gjennom alle tilgjengelige kanalar, Det er forståeleg, seier Kristian Bringedal

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Mållagsleiaren er ein ivrig lesar av Dag og tid